



Sand 18. mars 2020

Kjære næringsdrivande i Suldal!

Det er enormt spesielle tider i Suldal, som i Norge, og for så vidt heile verda. For to veker sidan var det «berre» påminningar om handvask og oppmoding om å slutta med handhelsing, medan det no er eit samfunn i noko som liknar ein unnatakstilstand. Det er fjerde skuledagen sidan skular og barnehagar blei stengt, og som de kjenner til blei det innført strenge karanteneroglar i Suldal på sundag. Tysdag morgon var 30 av våre tilsette i omsorg og helse i karantene.

Helse og omsorgstilbodet

Alt dette er særleg krevjande for næringslivet, og me er svært bekymra for utviklinga. Vårt fokus har naturleg nok vore å sikra eit godt legekantor, og leggja til rette for å ta i mot smitta på sjukeheimen. Dette er me godt i gong med. Legekantoret har no fått eit eige mottak for personer med luftvegsplagar, og på sjukeheimen har me flytta ein del brukarar opp til Vinjarheim, samt skrive ut nokre. Slik er det klargjort rom til ein smitteavdeling. Eg føler for å seia at når det i desse dagar er snakk om at ein av foreldra må vera heime, så er det viktig at dei som arbeider i helse og omsorg får vera den som får gå på jobb. Akkurat i desse dagar er dei viktigast.

Oppi arbeidet med å ha helsetilbodet på plass og avgrensa smitten, kjenner eg sterkt på kva dette har å seia for næringslivet.

Tilbodet til barn og omsorgstilbod på skule og i barnehage

Skulane og barnehagane har alle ein beredskap for å kunne gje eit omsorgstilbod til tilsette i samfunnskritiske jobbar. Staten har gitt nye rundskriv om kven dette gjeld, og føresetnaden frå myndigheitene er at tilbodet berre skal gjevast til dei som ikkje har andre omsorgspersoner. Gruppene som er definert som samfunnskritiske blir utvida gjennom rundskriv, nesten dagleg. Til no er det ikkje så stor bruk av dette tilbodet, men me har beredskap i alle barnehagar og skular slik at det skal kunne gjevast tilbod på kort varsel. Den enkelte styrar og rektor har saman med kommunalsjef Ingebjørg R. Gjerde ansvar for å avgjera kven som skal ha plass.

Karantenekonsekvensar

Avgjerdene som staten har teke rammar mange av dykk, nokre direkte gjennom vedtak om stenging, andre gjennom at medarbeidarar må vera heime med barn eller i karantene. I tillegg har det lokale vedtaket om karantene ved innreise til Suldal frå store delar av Norge gjort at kontraktar de- eller dykkar samarbeidspartar - har hatt, no fell bort. Me vil på det sterkaste beklaga dei følgene desse vedtaka har gjort, men meiner samtidig at det har vore heilt nødvendig for å avgrensa smitta.

Det er gjort ein del vedtak knytta til det lokale karantenevedtaket. Dei fleste «dispensasjonane» som er gitt gjeld ulike former for transport, og ei vurdering av kva som er

samfunnskritiske funksjonar. Har de spørsmål rundt dette, så er det kommunalsjef Torbjørn Guggedal som saman med lege avgjer desse søknadene.

Tilbod frå bedrifter

Fleire bedrifter har vendt seg til oss og tilbudd hjelp til helsevesenet dersom det er trong for dette. Me er takknemleg for dette, og varer denne situasjonen ei stund så vil det heilt sikkert bli bruk for tenestene. No i starten har me ganske mange medarbeidarar som ikkje lengre kan gjera sitt vanlege arbeid, slik at me omplasserer ein del frå oppvekst og kultur til omsorg før det blir innleige.

Kan kommunen gjennom sine verktøy bidra noko?

Det er Suldal vekst som er kommunen sitt apparat i næringsutvikling. Eg er glad for at dei fleste av dykk har god kontakt med dei, og me veit at dei kan vera til støtte for mange. Me er glade for at staten har kome med pakkar til næringslivet, og håpar det vil hjelpa noko. Me er også kjent med at det nasjonale verkemiddelapparatet, som Suldal Vekst er del av, arbeider for tiltak som kan bidra til å støtte flest mogleg bedrifter i den pågåande krisa. Suldal kommune har sett på kva me kan gjere for å lette situasjonen for næringslivet. For å gje eit bitte lite bidrag til likviditet har me endra rutinar slik at alle rekningar som me får no skal betalast umiddelbart og ikkje venta til forfallsdato, me har og opna for at bedrifter som har lån i kommunen og som har betalingsvanskar, kan få utsetjing viss dei søker. I tillegg vil det bli behov for ein del innkjøp av varer og tenester som me vil gjera lokalt. Kanskje kan det og bli eit auka behov for kjøp av tenester. Saman med administrasjonen i Suldal vekst ser me om det er andre tiltak som kommunen kan gjera på kort eller lang sikt. Spill gjerne inn idear til dei som dei kan ta vidare.

For dykk innan landbruk og skogbruk er det naturleg at de på same måte nyttar bygdautviklaren. Ho er, saman med personalet på Garaneset, vårt virkemiddel i denne sektoren.

Kriseleiing

Ting skjer fort i desse dagar, og fram mot påske har kriseleiinga i kommunen møte kvar dag klokka 10.00. (rådmann, kommunalsjefar, ordførar, servicetorgleiar, beredskapsleiar + i denne krisa-kommuneoverlege).

Ta kontakt med Suldal Vekst, kommunalsjef, ordførar eller underteikna om det er noko.

Igjen -> takk for forståinga de har vist for dei vanskelege tiltaka som er sette inn, la oss håpa at det hjelper slik at ting blir normalisert innan rimeleg tid.

Beste helsing på vegne av ordførar og kommunalsjefar

Øyvind Valen
Rådmann Suldal kommune